

Nærings- og fiskeridepartementet
Fiskeri- og havbruksavd.
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

Ved: Martha Skog Astrup

Dykkar ref.:
14/3310-7

Vår ref.:
2014/100001-11

Oslo, 04.06.2014

HØYRING OM INNFORING AV EI STRUKTURKVOTEORDNING FOR DEN MINSTE KYSTFLÅTEN

Vi viser til høringsbrev av 29.04.2014 om ovannemnde.

Innovasjon Norge meiner det er viktig for denne flåtegruppa – som for alle andre grupper – at kvotegrunnlaget er godt nok til å skape lønsemd for aktørane, sidan tilfredsstillande økonomi er grunnlaget for både å kunne fornye og forbedre fiskefartøy og utstyr, og å greie å rekruttere til fiskaryrket i framtida.

For å kunne levere topp kvalitet til forbrukar, er fiskaren si handtering av fangsten i førsteleddet heilt avgjerande. Alle former for "kappfiske", som resulterer i store mengder på kort tid, vil skape utfordringar både for fiskar, landindustri, omsetningsledd og i markedet, mens bedre regulering kan skape større verdier for alle ledd.

Når det gjeld talet på kvoter som skal vere tillate å samle på kvart fartøy, eller fordelinga mellom kvitfisk-kvoter og pelagiske kvoter, har vi ikkje noko oppfatning av kva som vil vere best, men dersom det blir innført strukturkvoteordning, meiner vi det kan vere rimelig at dei under 11 meter får same vilkår som dei mellom 11 og 15 meter.

Med vennlig helsing
for Innovasjon Norge



Inger Solberg
direktør



Aase-Merete Remøy
seniorrådgivar

Vi gir lokale ideer globale muligheter